



Voss herad

Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

# FORSKRIFT OM ORDENSREGLAR FOR SKULANE I VOSS HERAD



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

## Innheld

1. MÅL.....	3
2. ORDENSREGLANE GJELD FOR .....	3
3. ANSVAR.....	3
4. Ordensreglar.....	4
4.1. Ordensreglar.....	4
4.2. Tiltak ved brot på ordensreglementet.....	4
4.2.1. Sanksjonar/konsekvensar etter brot på ordensreglementet: .....	5
4.2.2. Nærare om konkrete brot og/eller sanksjonar.....	5
4.2.2.1. Straffbare handlingar.....	5
4.2.2.2. Mobbing og valdeleg adferd.....	6
4.2.2.3. Farlege gjenstandar.....	6
4.2.2.4. Rusmiddel .....	6
4.2.2.5. Hærverk.....	7
4.2.2.6. Digitale hjelpe midlar .....	7
4.2.2.7. Fusk .....	7
4.2.2.8. Skulen sitt område .....	7
4.2.2.9. Karakter i orden og åtferd.....	7
6 SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED SANKSJONAR .....	8
7 REFERANSAR .....	8



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

## 1. MÅL

Ordensreglane er heimla i Opplæringslova 9A-10.

Ordensreglane er laga i samsvar med rundskriv Udir -08-2014, med siste endringar frå 31.07.2017 og er i tråd med dei nye reglane i opplæringslova, kapittel 9A.

Vossaskulane skal vera prega av eit konstruktivt og utviklende samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette. Ordensreglementet skal vera med å fremja trivsel, respekt, samarbeid, trygge rammer og medansvar for å sikra og utvikla eit godt læringsmiljø i skulane.

Ordensreglementet skal også vera eit felles verktøy for Vossaskulane til å ha ei mest mogeleg lik sakshandsaming. Vidare skal det innehalda eit felles sett med sanksjonar som skal fremja like tiltak og reaksjonsformer.

## 2. ORDENSREGLANE GJELD FOR

Ordensreglementet er gjeldande for alle skular i Voss herad, Voss voksenopplæring, skulefritids- og leksehjelpsordningar. Ordensreglane gjeld ved alle aktivitetar som skulen har ansvar for, samt på skuleveg.

I tillegg til felles ordensreglement for skulane i Voss, skal den einskilde skule utarbeida (lokale tilpasninger) eit eige reglement for trivsel, orden og oppførsel. Dette for å sikra at særskilde tilhøve ved den einskilde skule skal koma med. Alle rådsorgan på skulen skal vera med å utarbeida reglement for den einskilde skule og som samarbeidsutvalet ved skulen skal vedta. Skulane må byggja på dei sentrale lover og retningsliner ved utarbeiding av eige reglement, og må godkjennast av administrasjonen.

## 3. ANSVAR

Heradet har plikt til å sørge for at det blir fastsett eit ordensreglement ved skulane dei eig.

Dette føl av opplæringslova §9A-10. Skuleeigar fastsett, gjennom denne forskrifta om ordensreglar, fellesreglar som gjeld for alle skulane. Den einskilde skule skal lage særreglar som er tilpassa lokale forhold. Lokale reglar må vere i tråd med vedtatt ordensreglement.



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

## 4. Ordensreglar

### 4.1. Ordensreglar

#### Alle skal:

- syna respekt for, og ta omsyn til, kvarandre
- ha eit godt lærings- og skulemiljø der alle syner respekt for undervisninga
- skapa arbeidsro, delta aktivt og følgja reglar i undervisningssituasjonen
- møta presis til undervisninga og andre avtalar, og gjera skulearbeid ferdig til avtalt tid.
- halda god orden, og halda skulen sitt område reint og ryddig
- få ha sine, og la andre sine eigendelar vera i fred
- ta godt vare på sine personlege eigendelar (så langt det er mogeleg bør du unngå å ta med verdisaker på skulen)
- ta godt vare på skulebygget, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre eigendelar slik at dei ikkje vert utsette for hærverk

#### Ingen skal:

- utsetja andre for fysisk, psykisk og/eller verbal og digital mobbing og plaging
- ha med ulovlege/farlege gjenstandar
- ingen skal vere borte frå opplæringa utan gyldig dokumentasjon frå føresette/lege
- vera rusa, brukha, oppbevara, omsetja eller ha med tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar på skulen
- Ingen skal nytte digitale reiskap utan samtykke frå tilsette

### 4.2. Tiltak ved brot på ordensreglementet

Alle sanksjoner skal vera slik at elevane skal forstå kva regler som er brotne og kvifor skulen må reagera på dette. Sanksjonane må stå i rimeleg høve til brotet på ordensreglane. Tiltak bør koma så nær regelbrotet i tid som råd er. Dersom det er mogeleg skal eleven få høve til å gjera opp for seg. Som hovudregel skal det berre brukast sanksjonar som følger av lov eller reglement. Ved brot på regler i skulen sitt eige reglement, gjeld det same.

Fysisk refsing og anna krenkande handsaming må ikkje nyttast. Med fysisk refsing vert det ikkje sikta til arbeid som rydding, vask og/eller reparasjonar etter seg sjølv eller andre.



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

Kollektiv avstraffing kan ikkje nyttast for handlingar utøvd av ein skild elevar eller medlemmar av gruppa.

#### 4.2.1. Sanksjonar/konsekvensar etter brot på ordensreglementet:

- Munnleg irtettesetjing
- Munnleg melding til føresette
- Skriftleg irtettesetjing/åtvaring/Skriftleg melding til føresette
- Pålegg av oppgåver for å rette opp skade elevar har påført skulen sin eigedom (rydda, fjerna søppel, vaska golv, fjerne tagging eller liknande)
- Erstatningsansvar etter gjeldande regelverk
- Eleven må vera på skulen før eller etter skuletid i samband med samtaler med lærar/rektor, og/eller utføring av pålagte oppgåver. Dette skjer i samråd med føresette
- Eleven får ikkje friminutt saman med dei andre elevane
- Inndraging av gjenstandar som blir brukt på en farleg eller provoserande måte, og/eller andre gjenstandar som ikkje skal takast med på skulen. Gjenstandane kan leverast til/ hentast av føresette i etterkant
- Bortvising frå klasse/gruppe for resten av timen eller arbeidsperioden, rektor avgjer.
- Bortvising frå skulen resten av dagen eller inntil 3 dagar, rektor avgjer
- Einskildelevar kan bli stengd ute frå spesielle arrangement og aktivitetar
- Mellombels eller permanent klassebytte
- Mellombels eller permanent skulebytte

På ungdomstrinnet vil brot på ordensreglane kunne føre til nedsett karakter i orden og oppførsel, jamfør vurderingsforskrifta.

Skadebrot kan føre til krav om erstatning jf. Kommunale retningslinjer vedteke 25.09.1991 sak 50/91, og 23.10.1991 sak 55/91, samt skadeserstatningslova § 1-2.

#### 4.2.2. Nærare om konkrete brot og/eller sanksjonar

##### 4.2.2.1. Straffbare handlingar

Med omsyn til orden på skulane, tryggleiken til elevane og dei tilsette, og som normgjevande signal, skal straffbare handlingar meldast til politiet. Slike forhold kan vere nasking, tjuveri,



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

ran, rasisme, vald, valdtekta, utuktig omgang Rektor utarbeider grunnlag for melding, før Rådmann formelt melder tilhøvet til politiet. Tilhøvet vil bli meldt uavhengig av om offer er elev eller tilsett. Rektor skal informere eleven sine føresette før grunnlag for meldinga vert utforma. Rektor må i kvart høve gjera ei vurdering mellom omsynet til den einskilde elev og skulen sitt generelle oppdragaransvar, før grunnlaget vert utforma.

#### 4.2.2.2. Mobbing og valdeleg adferd

Elever som trugar med vald eller utøvar vald kan verta vist bort frå undervisninga/skulen. Lengda på bortvisningstida vil vera avhengig av eleven sin alder (jfr. opl §§ 2.10 og 3.8), samt av alvoret i hendinga.

Mobbing er fysisk og/eller psykiske negative handlingar som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette. Mobbing, vald eller trugsmål om vald skal ikkje på noko vis aksepterast i vossaskulen. Den einskilde skule skal ha ein handlingsplan mot mobbing og vald, vedteke av skulemiljøutvalet. Dersom ein har mistanke om at eit barn er usett for omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep skal ein melde frå om dette til barnevernet.

#### 4.2.2.3. Farlege gjenstandar

Innan skulen sitt område og i deira regi er det ikkje tillate å ha med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre. Skulen skal leggja beslag på gjenstanden. Ulovlege gjenstandar vert overleverte til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert overleverte til føresette.

#### 4.2.2.4. Rusmiddel

Det er ikkje tillate å ha med seg eller bruke snus, tobakk, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar på skulen sitt område, eller ved arrangement i skulen sin regi. Ved brot på regelen vil føresette verta kontakta. Skulen kan leggja beslag på rusmidlane eller tobakken. Tobakk og alkohol skal overleverast til elevane sine føresette. Ulovlege rusmidlar vert overlevert politiet.



Utarbeidd av: Oppvekst	Utarbeidd dato: 14.06.19	Sist revidert: 14.06.19
Godkjend av: Fellesnemnda	Godkjent dato: 14.06.19	Neste revisjon:

#### 4.2.2.5. Hærverk

Elevar som gjer hærverk kan verta pålagt å rydde opp etter seg/utbetra skadar, dersom oppryddinga består i arbeid eleven har føresetnader for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til skaden ein har gjort. Ved hærverk på skulen sine bygningar og/eller eigendelar kan eleven i tillegg til å bli ilaga sanksjonar etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg (skadeerstatningslova § 1-1). Føresette er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslovens § 1-2 for inntil kr. 5.000. Ved hærverk vil eleven sine føresette verta kontakta.

#### 4.2.2.6. Digitale hjelpe midlar

Skulen sin Internet-tilgang skal som hovudregel berre nyttast i undervisninga.

Skulemiljøutvalet ved den einskilde skule skal vedta nettvettreglar for skulen. Dersom elevane bryt reglementet, kan dei avhengig av situasjonen, verta fråteken retten til å bruka Internett på skulen for eit (nærmore gitt) tidsrom. Ved alvorlege og/eller gjentekne reglementsbroten kan eleven verta vist bort frå skulen i tråd med reglane i Opl. §§ 2-10 og 3-8. Ulovlege tilhøve vil bli meldte.

#### 4.2.2.7. Fusk

Fusk eller forsøk på fusk er ikkje tillate. Reaksjonsmåtar ved fusk på eksamen er regulerte i Fvl § 3-37.

#### 4.2.2.8. Skulen sitt område

Det er ikkje tillate å forlate skulen sitt område utan godkjenning frå ein tilsett ved skulen.

Dette gjeld ikkje myndige elevar.

#### 4.2.2.9. Karakter i orden og åtferd

Regler for karakterar i orden og åtferd er heimla i Fvl § 3-6. Karakteren i orden og oppførsel skal som hovudprinsipp setjast ned ved gjentekne broten på ein eller fleire reglar i det felles ordensreglementet, eller den einskilde skule sitt eventuelle tilleggsreglement. I tillegg kan karakteren setjast ned ved spesielt grove broten på reglementet sjølv om det gjeld ei enkelthending.



Utarbeidd av:	Utarbeidd dato:	Sist revidert:
Oppvekst	14.06.19	14.06.19
Godkjend av:	Godkjent dato:	Neste revisjon:
Fellesnemnda	14.06.19	

## 6 SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED SANKSJONAR

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova. Dersom avgjerd om å gje sanksjon vert rekna som eit enkeltvedtak skal ein følgja sakshandsamingsreglane i forvaltnings-lova kap. 3-6. Dette vil då bety:

- Føresette til eleven skal varslast før vedtak vert gjort og dei skal få høve til å uttala seg innan ein gitt frist. Som regel skal varselet vera skriftleg.
- Skulen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mulig før det vert gjort vedtak. Skulen skal sjå til at elevar har fått høve til å gi uttrykk for sitt syn, i den grad dei er i stand til å ha eigne synspunkt på den saka det gjeld.
- Enkeltvedtak skal vere skriftleg og grunngjeve. Vedtaket skal kunne klagast og må difor ha opplysningar om korleis ein kan klaga, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.

## 7 REFERANSAR

Lenker til opplæringslova: [http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/nl-19980717-061.html&emne=oppl%C6ringslov\\*&&](http://www.lovdata.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/lovdata/all/nl-19980717-061.html&emne=oppl%C6ringslov*&&)

Lenker til forskrift av 1. juli 2009 til opplæringslova: Se §§ 3-6, 3-7, 3-9, 3-15, 3-16, 3-19, 3-39, 3-41 og 4-29 <http://www.lovdata.no/ltavd1/filer/sf-20090701-0964.html>

Lenker til rundskriv som viser til opplæringslova: [http://udir.no/upload/Rundskriv/2005/UDir-7-2005\\_om\\_ordensregl\\_grs\\_vgs.pdf](http://udir.no/upload/Rundskriv/2005/UDir-7-2005_om_ordensregl_grs_vgs.pdf)

Lenker til Forvaltningslova Se kap. IV § 16, § 17, § 18, kap. V § 23, § 24, § 25, § 27 og kap. VI § 28 § 29 <http://www.lovdata.no/all/nl-19670210-000.html>